



Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Gaupne  
**Dato:** 22.08.2023  
**Tidspunkt:** 11:00

---

Velkomen til det fjerde møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2023.

Møtet finn stad tysdag 22.august kl 11:00 på Luster rådhus i Gaupne

Etter møtet vert det synfaring inn mot Fåbergstølsbreen i Jostedalen.

Onsdag 23.august vert det synfaring med brevandring på Tuftebreen.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Tor Arne på tlf 90 19 24 71.  
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing

Trygve Snøtun og Tor Arne Hauge  
Nasjonalparkforvaltarar



## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 25/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 26/23	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 27/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Sunndalssætra 17/3 - solcellepanel på storselet		2023/8749
ST 28/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om merking av sti mot Vesleskåla - Skålastilaget		2023/12554
ST 29/23	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 1/23	Ynskje om basiskartleggingar i Jostedalsbreen nasjonalpark 2023		2021/15533
RS 2/23	Merking av ruter i Erdalen - spørsmål om synfaring		2023/1719
ST 30/23	Delegerte saker		
DS 7/23	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Tverrelva i Sunndalen - Motorferdsel med helikopter for flytting av bru - Sunndalen sankelag		2023/10071
DS 8/23	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - Overvåking av bresjøen ved Flatbreen - Supphellebreen i Fjærland - 2023 - JOSTICE - Høgskulen på Vestlandet		2019/8670

### Orienteringssaker

1. Status tiltaksplan
2. Nytt frå SNO
3. Oppstartsmøte skjøtselsplan for Støfringsdalen
4. Presentasjon av ny skjøtselsplan Tungestølen
5. Status stiprosjekt Tungestølen - Nystølen
6. Infopunkt Tungestølen
7. Mediesaker sidan sist

**ST 25/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden**  
**ST 26/23 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**



Arkivsaksnr: 2023/8749-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 14.08.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	27/23	22.08.2023

## Jostedalsbreen nasjonalpark - Sunndalssætra 17/3 - solcellepanel på storselet

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev eigaren av storselet på Sunndalssætra i Stryn kommune Anders Folven dispensasjon til fasadeendring for oppføring av solcellepanel på storselet på Sunndalssætra. Dispensasjonen er gjeven med heimel i verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kap. IV, punkt 1.3, fyrste strekpunkt.

Det vert sett som vilkår at:

1. plasseringa av solcellepanelet vert som omsøkt, på sørvestveggen
2. solcellepanelet skal monterast flatt på vegg eller vinklast mot sola for å utnytte panelet best mogeleg.
3. solcellepanelet skal vere monokrystallinsk i matt svart farge, og ikkje større enn 140 cm breitt og 60 cm høgt.
4. det skal ikkje monterast uteljos på bygningen som følgje av tiltaket
5. løyvet gjeld i 5 år frå vedtaksdato.
6. søkjar skal etter oppføringa av solcellepanelet sende biletdokumentasjon av gjennomført tiltak til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

1. Søknad om montering av solcellepanel på storselet på Sunndalssætra, Anders Folven 04.06.2023
2. Fasadeteikning med tenkt plassering av solcellepanel
3. Kartskisse

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1991
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994)



### Søknaden

Eigaren av storselet på Sunndalssetra i Stryn kommune, Anders Folven, søker om å setje opp eit solcellepanel på storselet. Det vert søkt om å montere eit solcellepanel på 60cm x 140cm på den sørvest-vendte vegg, som vender bort frå sætra og dei viktigaste stiane i området. Panelet er heilsvart og vil verte montert jamt/plant på vegg opp under takskjegget.

«Vi søker med dette om å kunne montere et solcellepanel på storselet vårt på Sunndalssætra.

### Argumentene som ligger til grunn for montering:

- Storselet er av en annen bygningsmessig karakter enn de øvrige sætresela. Storselet er lokalisert et stykke fra de andre sela
- Det er bare ett enkelt panel
- Panelet er relativt lite (60x140 cm)
- Panelet er heilsvart (dvs både ramme og cellepanel) som vil gå i ett med den tjærebredde vegg
- Panelet vil bli montert på østveggen, dvs vendt bort fra sætra/ferdselsstier og vil således ikke vises særlig
- Panelet vil bli montert opp under takskjegget. »

Søkjjar har i ny epost av 04.08.2023 sendt over kartskisse og skisse av fasaden som viser tenkt plassering av solcellepanel på storselet på Sunndalssætra. Rett himmelretning på plasseringa skal vere sørvestveggen.



Figur 1. Fasadeteikning med plassering av solcellepanel på sørvestvegg.



Figur 2. Situasjonsplan Sunndalssætra med storsetet og plassering av solcellepanel markert

### Lovgrunnlaget

«Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.»

Det følgjer av verneforskrifta sitt kap. IV, punkt 1.1 at:

«Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrelegging, framføring av luft- og jordleidningar, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Det er forbode å bryte laus stein, mineralar eller fossilar. Det same gjeld uttak av slikt materiale for sal. Uttak av stor stein eller stein i store mengder er også forbode.»



Forvaltningsstyresmakta kan etter kap. IV, punkt 1.3, fyrste strekpunkt, når særlege grunnar ligg føre gje løyve til:

« - byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassast landskapet i området.

.....

*Det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter punkt 1.3.»*

Tiltaket med montering av solcellepanel er ei fasadeendring som etter sakshandsamar sin vurdering fell inn under formuleringa «- byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m...») i punkt 1.3.

Etter naturmangfaldlova (NML) §7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal kome fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Omsøkt tiltak vil medføre fasadeendring og vort difor ikkje vurdert som vedlikehald etter verneforskrifta punkt 1.2, fyrste strekpunkt. Forvaltningsstyresmakta kan når det ligg føre særlege grunnar gje løyve til endring av bygningar jf. punkt 1.3, fyrste strekpunkt. Bygningane skal då vere i tråd med tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassast landskapet i området.

Fasadeendring og oppføring av solcellepanel er ikkje omtala i forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Det vart i utvalssak 30/22 gjeve løyve til oppføring av solcelleanlegg på ei hytte i Sognskaret i Sunndalen, om lag 2 km innanfor Sunndalssætra. Søknaden den gong gjaldt ei hytte som låg einsleg til i eit område utan andre bygningar. Påverknaden på kulturlandskap og bygningsmiljø vart i den saka vurdert til å vere mindre relevant.

Sidan søknaden denne gongen gjeld oppsetjing av solcellepanel på ein bygning som ligg på Sunndalssætra, med mange flotte og tradisjonsrike sel, vil det vere relevant å vurdere korleis samla belastning kan bli på kulturlandskap og bygningsmiljø om fleire av eigarane vil montere solcellepanel på sela sine.

Vurdering etter verneforskrifta og naturmangfaldlova :

### **§ 8 «kunnskapsgrunnlaget) og § 9 «føre-var-prinsippet»**

Storeselet på Sunndalssætra vart i 2022 riven og erstatta med eit nybygg, identisk med bygningen som stod der frå før. Storeselet skil seg mykje frå dei andre sela på sætra, det er større og har ein annan bygningsmessig karakter. Storeselet ligg lengst vest av bygningane, litt vekk frå stølvollen. Det gamle storeselet var i fleire år nytta som turisthytte. Søk i artsobservasjonar viser få observasjonar av raudlista artar i området, einaste art registrert er jerv, som har passert sætra. Sunndalssætra ligg i randsona til Breheimen villreinområde. Tiltaket vil truleg ha liten eller ingen påverknad på jerv eller reinsdyr. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert til å vere tilstrekkeleg for å kunne handsame søknaden. Difor er NML **§ 9 Føre-var prinsippet** ikkje vektlagt.





### **§ 10 «økosystemtilnærming og samlet belastning»**

Per i dag er det ingen retningslinjer for oppføring av solcellepanel i Jostedalsbreen nasjonalpark. Vestland fylkeskommune har tidlegare i ei liknande sak uttalt seg på generelt grunnlag: *«når det gjeld plassering, storleik og form på solcellepanelet skal det takast omsyn til bygningens karakter og opphavelige funksjon i kulturmiljøet og landskapet. Ved etablering av solceller må ein unngå gjenskin frå panelet og store kontrastar i høve eksisterande fasade. Det må takast omsyn til eksisterande farge- og materialbruk».*

Søknaden om 1 stk. enkeltstående panel (140x60cm) plassert som omsøkt på sørvestveggen, som vender bort frå dei andre sela og dei viktigaste stiane, vert ikkje vurdert å påverke landskapet uforholdsmessig mykje. Gjenskin frå solcellepanelet kan førekome, men vert ikkje sett på som problematisk for dyrelivet i området. Med den omsøkte plasseringa på sørvestveggen vil ikkje gjenskin vere noko estetisk problem for brukarar av dei andre sela eller turgåarar.

Storselet på Sunndalssætra skil seg frå dei andre bygningane på sætra, det er større og har ikkje eit autentisk preg. Landskapet og det bygningsmiljøet vert difor truleg ikkje vesentleg påverka av eit moderat stort enkeltstående solcellepanel.

Tiltaket er reversibelt, då installasjonen enkelt kan fjernast. Likevel vert presedensverknaden vurdert som høg, då det kan verte vanskeleg å avslå seinare søknader om solcelleanlegg frå andre eigarar av sel på Sunndalssætra, sjølv om plassering på sør-/sørvestvegg på fleire av dei andre sela lett vil verte mykje meir synleg for ålmenta og dermed skjemma. Dersom mange av sela på Sunndalssætra får fastmonterte solcellepanel på veggen vil det kunne prege kulturmiljøet og landskapet på ein uheldig måte, og den samla belastninga for landskapet kan verte for stor. Men solcellepanel vil og kunne lette bruken av sela m.a. gje større branntryggleik, og dermed på sikt vere med å ta vare på bygningar og bygningsmiljø på sætra.

Solcelleteknologien er under stadig utvikling, og nye og betre løysingar tilpassa sårbare bygningsmiljø kan kome på marknaden. Det kan til dømes verte meir aktuelt med solcellepanel som enkelt kan setjast opp når selet er i bruk og takast ned att når selet vert tomt. Dette talar for at eit eventuelt løyve til oppføring av solcellepanel bør gjerast tidsavgrensa, slik at nasjonalparkstyret kan vurdere å endre løyvet etter til dømes 5 år.

### **§ 11 «kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver»**

Dette prinsippet vert vurdert som ikkje relevant for saka.

### **§ 12 «miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder»**

Solceller vert sett på som fornybar energi og er eit betre alternativ enn dieselaggregat for å løyse energibehovet i mange stølsområde. Solcellepanel vil kunne vere negativt for opplevinga av kulturlandskap og bygningsmiljø, men det vil ikkje påverke vilt og flora på nokon måte. Det er søkt om eit solcellepanel med matt svart spegel. Det er vurdert at den mest effektive og minst sjenerande teknologien er matte svarte monokrystallinske solcellepanel. Forvaltninga har vore i kontakt med fylkeskommunen, deira vurdering er at solcellepanelet burde monterast på taket av omsyn til refleksjonsverknad. Dersom takmontering er for teknisk krevjande, bør fargen på solcellepanelet tilpassast veggfargen, og elles ha eit relativt lite format. Ideelt sett bør ikkje panelet vere større enn eit vindauge,



uansett burde panelet ha ei matt svart overflate. Tiltaket er difor vurdert til å vere den beste løysinga for storselet på Sunndalssætra med den kunnskapen som er tilgjengeleg pr. dags dato.

Teknologien innanfor fornybar energi er under stadig utvikling. For å kunne få den beste miljømessige løysinga for stølshusa, er det i dette tilfellet aktuelt med avgrensa tidsperiode for løyvet til solcellepanel. Med omsøkt plassering, vilkår om montering av monokrystallinsk matt svart panel og tidsavgrensing vil dette tiltaket gje liten påverknad på landskapet og mogelegheit for å oppgradere teknologien i framtida.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av vurderinga etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar konsekvensane av montering av eit enkeltstående solcellepanel (140x60cm) som lite og reversibelt. Tiltaket vert samla sett vurdert til å påverke verneverdiane i liten grad, og vil ikkje vere i strid med verneføremålet. Presedensverknaden vert vurdert som høg, difor har forvaltninga lagt vekt på presedens når det omsøkte tiltaket har vorte handsama. Eit moderat enkeltstående solcellepanel med optimal plassering på ein vegg som vender vekk frå dei andre sela og dei merka stiane, vert ikkje sett på som problematisk, derimot kan verneverdiane verte forringa om ein får fleire markante solcellepanel på stølshus i eit stølsmiljø.



Arkivsaksnr: 2023/12554-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 15.08.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	28/23	22.08.2023

## Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om merking av sti mot Vesleskåla - Skålastilaget

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gjev Skålastilaget løyve etter verneforskrifta sin § IV, punkt 1.3, 4. strekpunkt til å merke stien frå Skålavatnet mot Vesleskåla. Det kan etablerast 5 låge vardar, som ikkje skal merkast med maling, og ny skiltstolpe ved Skålavatnet med 4 nye skilt.

Det vert og gjeve løyve til å flytte/skifte ein eksisterande skiltstolpe i Skaret om lag 50 meter lengre mot sør. Det vert gjeve løyve til boring av to hol i berget for å etablere nytt feste for skiltfot. Restar etter det gamle skiltfestet skal skjerast vekk og fjernast frå staden.

### Dokument i saka

- Søknad om løyve til å merke mot Vesleskåla – Skålastilaget 15.08.2023
- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark – 25.10.1991
- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027
- Sårbarheitsvurdering for Skåla/Vesleskåla – desember 2020

### Saksopplysningar

#### Søknaden

Skålastilaget ynskjer å utføre nokre tiltak på stien til Skåla hausten 2023. Det vert i den samanheng søkt om løyve til å merke ein sti frå Skålavatnet mot Vesleskåla. Denne stien har ikkje vore merka tidlegare, men har dei siste åra opplevd auka besøkstal.

Det vart i hausten 2020 gjennomført og utarbeidd sårbarheitsvurdering for ferdsel i tre område/stiar rundt i Jostedalsbreen nasjonalpark. Eit av områda som vart vurdert var området rundt Skålastien, inkludert ein avstikkar frå Skålavatnet mot Vesleskåla.



Utdrag frå sårbarheitsvurderinga av stien til Vesleskåla:

*«.....Av det ein kan finne ut av egne registreringar og eksisterande kunnskap i databasar går ikkje stien gjennom eller nær habitat for dyreliv som krev skånsam tilnærming. Og langs traseen er det lite slitasje på arealet utanfor den smale stien. Dersom ein får på plass tiltak som forsterkar og gjer den eksisterande traseen meir robust, er det derfor ingen problem ved at den godt kanaliserte linjeferdsele opp den bratte lia held fram. Om mogleg vil det berre vere med på å ytterlegare samle ferdsele.»*

Ferdsele på sti trakk opp mot Vesleskåla har auka i åra etter 2020, noko som er synleg i terrenget.




*Figur 1 Stien frå Skålavatnet, nede til høgre i bildet, mot Vesleskåla har i dag fleire tydelege parallelle stispor.*

Det er planlagt å byggja 5 låge vardar for å samle ferdsele langs eit trakk. I tillegg vert det søkt om å erstatte den eksisterande skiltstolpen ved Skålavatnet med ein ny skiltstolpe med inntil fire skilt. Skilta skal vise retninga mot Vesleskåla i tillegg til retning og avstand til parkeringa ved Tyva og toppen av Skåla.



Det vert og søkt om å flytte/skifte ein skiltstolpe i Skaret ovanfor Skålavatnet. Denne skiltstolpen har to gonger blitt bøygd av snøpresset, og det er ynskjeleg å flytte den om lag 50 meter nedover og korte den noko ned slik at snøpresset vert redusert.


Arbeidet på stien er planlagt utført hausten 2023.



Figur 2 Oversiktskart som viser Skålastien med sti til Vesleskåla utheva med blå farge

Skålastien er i *Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027* nemnt som ein av 45 innfallsporatar. Det er lista opp fleire tiltak som er føreslått gjennomført i samarbeid med Skålastilaget. Eit av tiltaka som er føreslått er: *Etablering av kortare turalternativ*. Stien til Vesleskåla er eit slikt kortare alternativ til turen til topps på Skåla. Utsikten frå Vesleskåla er av mange framheva som vel så bra som frå Skåla, då ein frå Vesleskåla får god utsikt mot Loen, Lobukta og utover Nordfjorden.

Stien frå stikrysset ved Skålavatnet er om lag 600 meter og har ei stigning på om lag 100 meter.



Figur 2 Kartskisse som viser stien som Skålastilaget ynskjer å merke med vardar og skilt

### Lovgrunnlag

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne om eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta sin § IV, punkt 1.1), mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde, (...) bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper og liknande.

Forvaltningsstyresmakta kan, når særlege grunnar ligg føre, gje løyve til (verneforskrifta § IV, punkt 1.3, fjerde strekpunkt) merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetjing av skilt og vegvisarar. Det står også i verneforskrifta at det kan stillast vilkår for løyve som blir gjeve etter punkt 1.3.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



## Vurdering

Sjølv om stien til Vesleskåla allereie er så tydeleg i terrenget at den ligg inne i kartet er det i denne saka tale om å varde og skilte ein ny tursti innanfor Jostedalsbreen nasjonalpark. Søknaden må difor vurderast etter verneforskrifta sitt punkt 1.3. Det må difor liggje føre særlege grunnar for å gje løyve til tiltaket.

Skålastilaget ynskjer å merke stien frå Skålavatnet mot toppen av Vesleskåla, for å leggje til rette eit godt turalternativ for dei som tykkjer turen til toppen av Skåla vert for lang for ein dagstur. Mange dagar kan skodda ligge tett rundt toppen av Skåla, men Vesleskåla ligg ofte under skylaget. Tilrettelegging av Vesleskåla som turmål såleis vere positivt både for tryggleiken og opplevinga til dei besøkande i området.

Vesleskåla er eit attraktivt turmål med framifrå utsikt over Loen og Indre delar av Nordfjord. Turen til Vesleskåla er allereie etablert som eit alternativ til topptur på Skåla. Det er på deler av stien danna seg fleire parallelle stispor i eit område med tynt og sårbart vegetasjonsdekke. Varding av ein trasé vil kunne bidra til å samle trafikken i eit stispor, noko som kan skåne vegetasjonen. Dette kan i seg sjølv vere ein særleg grunn til å gje løyve til varding og skilting av stien.

Å etablere kortare turalternativ til topptur på Skåla er i besøksstrategien nemnt som eit tiltak som skal jobbast med knytt til Skålastien. Varding og skilting av stien til Vesleskåla vil difor vere eit tiltak i tråd med besøksstrategien, noko som og kan vere ein særleg grunn til å gjennomføre varding og skilting av stien.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal liggje til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde.

### § 8 «kunnskapsgrunnlaget» og § 9 «føre-var-prinsippet»

Når det gjeld krav til kunnskap om naturmangfaldet i naturmangfaldlova sin §8, vurderer sekretariatet kunnskapen om naturmangfaldet til å vere god. Det er ingenting i Naturbase som tyder på at det biologiske mangfaldet vil ta skade av tiltaka. Det vart gjennomført sårbarheitsvurdering for ferdsel i området mellom Skålavatnet og Vesleskåla hausten 2020. Sårbarheitsvurderinga viser at kanalisering av ferdsel for å unngå fleire parallelle stispor vil kunne vere viktig for å ta vare på såbare naturtypar (rabbesamfunn) i området.

Sekretariatet vurderer at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkelig for å kunne handsame søknaden. Difor er NML § 9 Føre-var-prinsippet ikkje vektlagt.

### § 10 «økosystemtilnærming og samlet belastning»

Prinsippet i § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning er viktig for det totale trykket rundt Skåla og Skålatien. Forvaltninga kan ikkje sjå at betra tilrettelegging av stien til Vesleskåla vil føre til negative konsekvensar for einskild artar eller økosystem i området. Tilrettelegginga av stien vil mest truleg vere positiv for artar og økosystem sidan menneskeleg ferdsel vert samla og kanalisert forbi område med sårbar vegetasjon.

### § 11 «kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver»

Dette prinsippet vert virdert som ikkje relevant for saka.



**§ 12 «miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder»**

Bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar tilseier at frakt av utstyr og materialar til skilting og merking må vere mest mogeleg miljøvenlege, det betyr m.a. at helikopterfrakt berre må nyttast når andre alternative ikkje finst. For gjennomføring av merking av og skilting av stien til Vesleskåla vil det truleg ikkje vere trong for helikoptertransport.



**ST 29/23 Orienterings- drøftings- og referatsaker**  
**RS 1/23 Ynskje om basiskartleggingar i Jostedalsbreen nasjonalpark 2023**  
**RS 2/23 Merking av ruter i Erdalen - spørsmål om synfaring**  
**ST 30/23 Delegererte saker**



Sunndalen sankelag

Sakshandsamar Trygve Snøtun

Vår ref. 2023/10071-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 27.06.2023

## Delegert vedtak

<b>Delegasjonssak</b>	
-----------------------	--

# Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Tverrelva i Sunndalen - Motorferdsel med helikopter for flytting av bru - Sunndalen sankelag

## Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, er det gjort følgjande vedtak:

Med heimel i verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 4.3, andre strekpunkt får Sunndalen Sankelag løyve til bruk av helikopter til transport av bru ved Tverrelva i Sunndalen.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld 1 hiv med frakt av bru frå der den er skylla vekk til der den skal ligge. Om det er naudsynt med fleire hiv, må dette avklarast med forvaltar i forkant.
2. Løyvet gjeld frå denne dag til 07.juli i 2023.
3. Det skal ikkje flygast på laurdag eller sundag.
4. Flyging skal samordnast med andre flygetiltak i Sunndalen.
5. Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, og vere mest mogeleg konsentrert i tid.
6. Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området.
7. Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (mob: 95963888) eller nasjonalparkforvaltar (mob: 90192471) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
8. Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.
9. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1. august 2023 om gjennomført helikoptertransport.

Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyvet må ha nødvendige løyve til motorisert ferdsl frå Stryn kommune og grunneigarar.



## Dokument i saka

- Søknad frå Sunndalen Sankelag ved Ingolf Folven datert 23.06.2023

## Søknaden

Forvaltninga hadde i forkant av søknad fått melding frå annan grunneigar om at brua var vekke ved Tverrelva. Statens naturoppsyn var i området nokre dagar før hendinga skal ha skjedd, men då var brua på plass. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har gitt løyve til motorisert ferdsel med helikopter til nokre andre tiltak i Sunndalen, og flytting av omsøkt bru er planlagt gjennomført samstundes.

*«Søkjer om løyve til transport av bru over Tverrelva i Sunndalen. Ved ein lokal flaum i Tverrelva, truleg fredag 16. Juni, vert eine brua over Tverrelva teken av flaumvatnet. Har funne att brua, den ligg i krattskogen godt inn på land, omlag 150m nedstraums der den var plassert. Brua ser ut til å ha fått moderate skadar.*

*Planen er å få frakta den tilbake på plass med helikopter. ( einaste moglegheit utan å demontere alt for så å bygge den opp igjen. Dette arbeidet kan vanskeleg gjerast før vasstanden i elva minkar seinhaustes.)*

*Søkjer om løyve til helikoptertransport i samband med annan transport i området, som er planlagt fredag 30. Juni frå klokka 13 og utover dagen.»*

## Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Naturmangfaldlova.

## Verneforskrift og verneformål

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.1. Verneforskrifta har reglar mot lågtflyging under 300 meter over bakken.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for mellom anna transport av materialar til hytter, klopper m.m., jf. verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.3, andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta kapittel IV, punkt 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: *Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege*



*skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*

I tråd med naturmangfaldlova (NML) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Det er så langt forvaltninga forstår uklart kva som kan ha skjedd med brua ved Tverrelva i Sunndalen. Brua er tidlegare registrert å vere på plass av SNO, men nokre dagar seinare var denne skylla vekk. Det har vore tørt ver, sikkert mykje snøsmelting, men lite truleg nok til at dette skulle tatt brua. Utan at vi har fått det stadfesta kan det ha vore ei rask tømning av oppdemma vatn ved Tystigbreen som er kome ned, eit såkalla jøkhullaup. Brua er skylla kring 150 meter nedover og det er ønskje og behov for å få denne på plass att.

Det går to stiar innover Sunndalen. Stien som kryssar Tverrelva er rekna som hovudstien og viktig for både folk på tur og beitedyr.

30.juni er det planlagt helikopterflyging i samband med andre tiltak i Sunndalen. Ein ønskjer då å få flytte oppatt brua på same tid. Brua er stort sett uskada og kan mest sannsynleg leggast på plass att. Om brua skal demonterast, berast og monterast på nytt, vil dette vere ein stor jobb. Difor søker Sunndalen Sankelag om helikopterløft i samband med andre tiltak for effektivt å få brua på plass att.

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense motorferdsla til det som er strengt naudsynt. Motorferdsel vil uroe både folk og dyr medan det pågår, men dette er avgrensa i tid og stad. Vidare er formålet med dette tiltaket å sikre at infrastrukturen for at både folk og beitedyr kan komme fram på ein føreseieleg måte. Friluftsliv og kulturlandskap er begge verneføremål for nasjonalparken, og med å få reparert brua vil ein sikre at folk kjem fram på etablert sti og at beitedyr kan skjømte kulturlandskapet i Sunndalen.

Området der stien kryssar Tverrelva er registrert som fossesprøytsone. Naturtypen er karakterisert som viktig etter DN-handbok 13. Tiltaket vil ikkje påverke naturtypen meir enn tidlegare, då brua er planlagt å bli lagt på same stad med same brukar. Det er også positivt å få vekk øydelagt/ufunksjonell bru frå der den ligg i dag. Gjennom samordning med andre aktørar i sankelaget vil tiltaket vere enkelt å gjennomføre og med avgrensa uroing av omgjevnadane.

Helikopter er det motoriserte framkomstmiddelet som er mest brukt i Jostedalsbreen nasjonalpark, og andre driftsmetodar for transport av større mengde materialar er lite aktuelt i Sunndalen, om ikkje det skal gjerast for handemakt (§ 12 nml).

For dyreliv har motorferdsel ein forstyrrande effekt. Det kan ikkje utelukkast at det er hekkelokalitetar i det omsøkte området, men vi har ingen registreringar eller observasjonar per dags dato (§ 8 nml).



Motorferdsel har ei uroande effekt på friluftslivet. I dette tilfelle er formålet med å få brua raskt på plass også for sikre føreseieleg ferdsel på ein etablert sti i nasjonalparken. Også beitedyra treng infrastrukturen for å komme til sommarbeite. Dette er viktig for kulturlandskapet i Sunndalen. Det er planlagt tilflyging av materialar og utflyging av materialar/avfall frå Sunndalsætra 30.juni. Med å samordne flytting av bru med desse tiltaka vil det vere ei minimal ekstrabelasting, samstundes som brua, og dermed stien, raskt blir reparert. Dette er positivt for både friluftsliv og kulturlandskap på sikt, sjølv om det i utføringa vil vere støy/uroing. Det er positivt at Sunndalen Sankelag vil samordne helikopterbruk for fleire prosjekt. På den måten vil helikopterbruk vere avgrensa i tid og den samla belastinga vere akseptabel (§10 nml). Det er likevel om å gjere å halde helikopterbruk på eit så lågt nivå som mogleg.

Vi ser samstundes at det å ikkje gje løyve, kan ha ei negativ innverknad på friluftslivet og kulturlandskapet, ved at stien/brua vil vere stengt i lengre tid fordi det blir eit større og meir krevjande prosjekt å ordne brua. God og føreseieleg infrastruktur på etablerte stiar vil gje dei besøkande gode opplevingar av Jostedalsbreen nasjonalpark. Forvaltninga har god kunnskap om området slikt at føre-var-prinsippet (§9 nml) ikkje er aktuell å nytte. § 11 nml er ikkje relevant i denne saka.

Det er uklart i søknad om det er naudsynt med fleire hiv. Mest sannsynleg er det nok med eitt, men om det må flygast i fleire hiv må dette avklarast med forvaltar. Vidare er det planlagt flyging 30.juni saman med andre tiltak. Om det skulle vere dårleg flygever denne dagen, kan det vere naudsynt å utsetje til ein annan dag. Forvaltar føresler difor å utvide dato ei veke.

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Trygve Snøtun  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Stryn kommune

Statsforvaltaren i Vestland

Statens Naturoppsyn

Tonningsgata 4

Njøsavegen 2

Postboks 5672 Sluppen

6783

6863

7485

STRYN

LEIKANGER

TRONDHEIM





**Jostedalsbreen  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Besøksadresse**  
Rådhusvegen 1  
6868 Gaupneststed

**Kontakt**  
Sentralbord: +47  
Direkte: +47 5764 3139  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
<https://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen>

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Sakshandsamar Trygve Snøtun

Vår ref. 2019/8670-0 432.3

Dykkar ref. «REF»

Dato 19.07.2023

## Delegert vedtak

<b>Delegasjonssak</b>	<b>19/2023</b>
-----------------------	----------------

# Delegert vedtak - Dispensasjon - Jostedalsbreen nasjonalpark - Overvåking av bresjøen ved Flatbreen - Supphellebreen i Fjærland - 2023 - JOSTICE - Høgskulen på Vestlandet

## Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 14.03.2016, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd, til Høgskulen på Vestlandet v/Thorben Dunse, til plassering av instrumenter for overvåking av bresjøen ved Flatbreen/Supphellebreen i Fjærland. Løyve gjeld:

1. Kamera med solcellepanel plassert på toppen av moreneryggen like sør for utløpet av bresjøen.
2. Trykksensor som blir plassert i botn av innsjøen sikra med kiler eller tau.
3. Eventuell mellombels verstanjon dersom NVE sin faste er ute av drift. Denne plasserast i same området som NVE har sin i dag.

Løyve gjeld med følgjande vilkår:

- Alle måleinstrument skal vere fjerna seinast 20.desember 2024.
- Det skal ikkje nyttast faste festepunkt som boltar til festing av instrument.
- All søppel skal takast ut av området etter arbeid, både ved oppsetting og nedtaking.
- Det skal setjast opp eit informasjonsskilt ved kamera og verstanjonen som fortel kort om prosjektet.

Etter at prosjektet er gjennomført skal kortfatta rapport sendast nasjonalparksekretariatet, med bilete av instrumenta, eksakt lokalisering på kartet, ev andre observasjonar.

Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente andre naudsynte løyve frå kommune, samt frå grunneigarar.



## Dokument i saka

- Søknad på e-post frå HVL v/ Thorben Dunse, datert 29.06.2023.

## Søknaden

Gjennom forskingsprosjektet JOSTICE ønskjer forskarar på Høgskulen på Vestlandet og NVE å undersøke den brede innsjøen ved Flatbreen/Supphellebreen, for å betre kunnskapen om prosessane kring raske tømningar av brede innsjøar, såkalla jøkhullaup. Under er søknaden:


*«Jeg ønsker hermed å søke om tillatelse om plassering av et kamera og trykksensor for overvåking av bresjøen ved Flatbreen/Supphellebreen i Fjærland (se figur 1). Vi ønsker å bedre forstå hvordan bresjøen fylles og dreneres i respons til værforholdene og bresjøens rolle for flommen i Tverrdøla, november 2022 og mulige framtidige flomhendelser.*

*Arbeidet er koordinert med NVE som har det overordnede ansvar for overvåking av bresjøer i Norge (Hallgeir Elvehøy; Bjarne Kjølmoen og Liss Andreassen). Observasjonene skal bidra til fortløpende forskningsprosjekter finansiert av Norsk Forskningsråd: «JOSTICE», ledet av Jacob Yde ved HVL, campus Sogndal og «GOTHECA-NOCK», ledet av Yongmei Gong ved NTNU, Trondheim. Innsamlet data skal også brukes i en master oppgave ved HVL i perioden 2023-24 (Master in Climate Change Management: hydrologisk modellering av Tverrdøla nedbørsfelt og bresjøen).*

## Bakgrunn

*Bresjøer kan tømmes helt eller delvis i løpet av kort tid, noe som kan frigjøre store mengder vann og være årsak til alvorlig flom. Bresjøen ved Flatbreen/Supphellebreen har en historie om slike «jøkhullaup». Intense nedbør og snøsmelting i mai 2004 bidro til kritisk høy vannstand i bresjøen som førte til brudd i morenen som demte opp innsjøen. Flommen utviklet seg til et jordskred som førte til stor skade på landbruksareal og veien i Supphelledalen, samt turstien opp mot Flatbrehytta. Det etablerte utløp i morenen er antatt å redusere risiko for alvorlige framtidige jøkhullaup. Likevel skjedde det en ny flomhendelse i elven Tverrdøla den 11./12. november 2022. Flommen skjedde i en periode med intens nedbør og snøsmelting, samtidig med rask tømming av bresjøen. Vanligvis drenerer bresjøen via brefallet av Supphellebreen, etter etablering av det subglasiale dreneringssystemet i sommeren (mot øst; se pil i figur 1). Observasjoner fra lokalfolk tyder på at en første flombølge via brefallet den 11. november førte til kollaps av det subglasiale dreneringssystemet slik at vannstanden i bresjøen steg raskt og løp over bruddet i morenen ned mot sør-vest og bidro dermed til flommen i Tverrdøla den 12. november.*





Figur 1: (a) oversiktskart med ønsket plassering av timelapse-kamera (rød stjerne) og retning (trekant); (b) flyfoto av bresjøen ved Flatbreen/Suphellebreen med dreneringslinjene via brefallet mot øst, og brudd i morenen (rød prikk) mot sørvest/Tverrdøla; (c) trykksensor montert på stålwire festet ved enkelt klatrebolt ved siden av bresjøen (det brukes festepunkt som ikke involverer boring); foto fra Rembesdalskåka, Hardangerjøkulen, Pascal Egli, NTNU, GOTHECA-NOCK; (d) samme type timelapse kamera og solsellepanel montert ved Austdalsbreen, Jostedalen, foto: Thorben Dunse, HVL, JOSTICE.

### **Plassering av instrumenter:**

Ønsket plassering av kamera på toppen av morenen sør for utløpet med utsikt over hele bresjøen, utløpet via brudd i morenen og mot innløp under breen (se figur 1a). Kamera og tilhørende solsellepanelet monteres på stativ som veies ned med stein (kreves ingen boring/fastpunkter; figur 1d). Trykksensoren plasseres i bunnen av bresjøen, vektet ned med



en stein og festet med stålwire til en enkelt klatrebolt montert ved siden av bresjøen (figur 1c); alternativt sikres wire til trykksensor uten boring, for eksempel ved bruk av kamkiler, slynge eller tau festet rundt en steinblokk. NVE opererer en værstasjon like ved. Værstasjonen er for tiden ute av drift, men skal settes i stand ilt sommeren/høsten. Det kan bli aktuelt å sette opp en enkelt «mobil» værstasjon som en midlertidig løsning, så lenge NVE stasjonen er ute av drift. Den midlertidige værstasjonen stå på et stativ som ikke trenger fastpunkt/boring i lik linje med kamera.

**Formål med instrumentering:**

- Kameraen skal tar daglige bilder av bresjøen og breen for å dokumentere fyllingsgraden i bresjøen og de generelle forholdene av både bresjøen og breen
- Trykksensor i bunnen av bresjøen (+ barometer for lufttrykk vedsiden av) skal måle vanntrykk og vanndyp
- [eventuelt midlertidig værstasjon skal erstatte NVE sin værstasjon så lenge den er ute av drift]
- Øke kunnskap om hvordan bresjøen fylles og tømmes i takt med værforhold (temperatur og nedbør) og endringer i breens subglasiale dreneringssystem
- Sette bilder sammen til en «time-lapse video» som illustrerer bresjøens dynamikk og som kan vises på JOSTICE webside og for visning ved Norsk bremuseum i Fjærland og/eller Breheimsenteret i Jostedalen

**Tidsplan:**

- Kamera og trykkesensor+barometer skal monteres ilt August 2023, når det er mest sannsynlig at bresjøen er tom eller har lav volumen
- Kamera og trykksensor skal opereres i minst 1 år, fram mot slutten av 2024.

*Jeg håper at søknaden kan behandles før eller i første halvdel av august 2023.»*

**Søknaden er vurdert i samsvar med**

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.
- Naturmangfaldlova

**Verneforskrift og lovgrunnlag**

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.



I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av anlegg, også mellombelse, jf. kapittel IV, punkt 1.1. Det er ikkje opning i verneforskrifta for å gjere unnatak av vernereglane for vitenskaplege granskingar. Tiltaket må difor vurderast mot naturmangfaldlova § 48 om dispensasjon frå vernevedtaket. I første ledd står det: «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig (...).*»

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker etter naturmangfaldlova § 48 der:

- a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra.
- b) Det føreligg ein etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarande saker.
- c) Forvaltningsplanen, når den er ferdig revidert, gjev eintydige føringar for utfallet.

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen står det i retningslinene i kapittel 7.3.12: «*Forskning og undervisning i Jostedalsbreområdet er positivt og nyttig, men forskning og undervisning må ikkje gå ut over verneverdiane og verneinteressene.*»

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Jøkullaup er ein plutselig flaum frå ein bredemt eller morenedemt innsjø. Innsjøar som blir tømt heilt eller delvis i løpet av kort tid vil kunne gjere stor skade. Den mest kjente kring Jostedalsbreen er nettopp den omsøkte innsjøen ved Flatbreen. Den gjorde stor skade både i mai 2004 og november 2022. I dag smeltar breane og det blir stadig oppdaga nye bredemte innsjøar.

Sidan skadepotensialet er så stort, er det viktig med god kunnskap om jøkullaup. Som hendingane ved Flatbreen viste i 2004 og 2022 kan desse øydelegge infrastruktur nedstrøms for innsjøen, samt vere ein fare for folk i området. Det er også viktig for forvaltning av brenære områder å ha ei god forståing av glasiale prosessar, då dette vil kunne påverke vidare besøksforvaltning.

Kamera med solcellepanel er planlagt plassert på toppen av moreneryggen ved Flatbreen, og vil vere visuelt synleg for turgåarar kring Flatbrehytta som ligg kring 250 meter søraust for morenen. Sidan dette er ein mellombels installasjon som vil gi ny viktig kunnskap, vil ikkje dette påverke verneverdiane i særleg grad. Både kamera med solcellepanel og eventuell verstasjon krev ikkje boring då desse kan vegast ned med stein. Også trykksensoren meiner forskarane kan plasserast utan fast bolt, då ein kan nytte kiler eller tau. Tiltaket vil ikkje gi varige spor eller påverke naturverdiane i området, men heller gi ny og verdfull kunnskap i forståinga av prosessane kring jøkullaup.

Det aktuelle området for plassering av kamera og eventuelt verstasjon er kring 250 meter frå Flatbrehytta, og trykksensoren er ved innsjøen like ved. Forvaltninga meiner det er god kjennskap til området og det er ikkje registrert særskilt sårbart biomangfald i nærleiken.



Forskning på jøkullaup vil også vere med å betre kunnskapen om potensielt øydeleggande brehydrologiske prosessar som er utfordrande kring breane i Noreg, og då må dette undersøkast på stadar desse prosessane føregår. Vidare meiner forvaltar at installasjonane i liten grad vil uroe dyreliv i området, samt at det ikkje vil vere varige spor etter tiltaket når dette er ferdig i 2024 (nml § 8). Så langt forvaltar kan sjå er det ikkje fare for irreversible skadar eller at tiltaket vil kunne gjere skade på naturmiljøet, så føre-var-prinsippet vil ikkje vere gjeldande i denne saka (nml § 9). Forvaltar kan heller ikkje sjå at økosystemet i noko grad blir påverka utfrå ei vurdering om samla belastning (nml § 10). For å kunne gjennomføre instrumenteringa må ein ta omsyn til korleis forholda er på staden og finne beste staden. Det er positivt at det ikkje vil vere synlege spor etter installasjonane når prosjektet er ferdig i slutten av 2024 (nml § 12). § 11 vil ikkje vere relevant i denne saka.

Nasjonalparkforvaltar vurderer at instrumentering av den bredemte innsjøen ved Flatbreen, er ein særleg grunn å gje dispensasjon frå forbodet mot å sette opp installasjonar, då dette vil gi viktig kunnskap i vidare forståing og forvaltning av breområder i Noreg. Sidan installasjonane er eit midlertidig tiltak som har svært lokal påverknad, ingen støy eller lysureining, vert den vurdert å ikkje vere i strid med verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark eller truge verneverdiane (nml § 48).

### Informasjon om klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Trygve Snøtun  
nasjonalparkforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Kopi til:  
SOGNDAL KOMMUNE  
Statsforvaltaren i Vestland  
SNO Jostedalsbreen

Postboks 153  
Njøsavegen 2

6851  
6863

SOGNDAL  
LEIKANGER